



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Høyring av frivillig skogvern i Folkedal og Haukanes i Voss herad

Etter dialog med grunneigarane og AT Skog sender vi på høyring frivillig skogvern av areal i Folkedal og Haukanes i Voss herad. Arealet gjeld utviding av Folkedal naturreservat frå om lag 184 dekar til 891 dekar. Utvidingsområdet består som heilskap av skog og derav 571 dekar produktiv skog.

Med tilråding frå Språkrådet av endring av namn på reservatet, frå «Folkedal og Haukanes naturreservat» til Granvinsfjorden naturreservat, brukar vi no *Granvinsfjorden naturreservat* som namn på verneområdet.

Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen, informera om innspel som har kome inn under oppstartsmeldinga, og for å legge til rette for medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Planstatus

I gjeldande kommuneplan har området føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR). Det er også satt av areal som vegformål for Hardangervegen (Fylkesveg 79) som går i tunell under mindre delar av aktuelt verneareal.

Nasjonale naturverdiar

Det aktuelle utvidingsområdet omfattar lia nordaustover langs Granvinsfjorden og inkluderer fleire naturtypelokalitetar. Kartlegginga skildrar området som veldig variert med stort mangfald av treslag. Edellauskog dekkjer eit stort areal og naturtypen frisk lågurtedellauskog (NT) og haustingsskog inngår. Fattig furu-eikeskog står på meir grunnlendt mark. I rasmark er det ein god del død ved i varierende dimensjon og nedbrytingsgrad. Død ved finst også i brattare og høgareliggande delar av området. Det finst også nokre hole eiker av svært store dimensjonar. Det er eit særleg høgt potensiale for raudlisteartar knytt til gamle edellauvre og død ved.

Utviding av Folkedal naturreservat med dette arealet vil bidra til å dekke manglar i skogvernet for naturtypen gamal blandingslauvskog, eikedominert skog, alm-lindeskog, hasselkratt og noko skog på høg bonitet.

Området vil auka verneandelen av desse skogutformingane og sikra området som levestad for svært mange artar. Verneområdet vil omfatte ei søraustvendt fjordli på over 3 km. Føremålet med



naturreservatet vil vere å ta vare på denne trua, sjeldne og sårbare naturen jf naturmangfaldlova § 37 a og b.

Kvifor vern av skog?

Artsdatabanken, den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei truga raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Inngrep som følgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Å ta vare på mest mogleg intakte økosystem i skog er blant dei viktigaste tiltaka vi kan gjere for å ta vare på vestlandsnaturen for framtida.

Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er eit nasjonalt mål å redusere tap av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med berre tre prosent av skogen verna, er vi enno langt unna dette målet i Vestland.

Ordninga frivillig skogvern er eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigaren sjølv ønskjer dette. Ved vernevedtak har grunneigarane akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Frivillig skogvern har fått ei styrka økonomisk ramme i 2024 og ordninga vil vere viktig for å sikra viktig skognatur i åra som kjem.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Det går ein buføringsveg/sti frå Haukanes og som er lagt inn i vernekartet og som kan haldast ved like etter vernet. Det er også eit vassinntak og brønnhus med tilhøyrande vasslange ned til husa på Haukanes. Dette er anlegg og innretningar som kan haldast ved like som på vernetidspunktet jf verneforskrifta § 4 e.

Grunneigar vil framleis ha rett til jakt, fangst og fiske der det er aktuelt og ålmenta vil framleis kunne plukke matsopp og bær. Turstiar som er i området skal òg kunne haldast ved like. I utkastet til verneforskrift som ligg ved dette dokumentet kan ein lese meir om vernereglane.

Innspel etter oppstart

Vi meldte start av vernearbeid 26. februar 2024, og det har kome inn seks innspel.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) understrekar at det ligg nettanlegg som er eigd av Statnett innafor føreslått vernegrense. Vidare ber dei om at standardreglane for nettanlegg vert inkludert i verneforskrifta, slik at drift, vedlikehald og oppgradering kan gjennomførast.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet til etterretning og inkluderer dette i verneforskrifta.

Statnett poengterer at utviding av verneområdet vil gå inn i det klausulerte ryddebeltet for skog til den eksisterande 420 kV-leidningen Sima-Samnanger. Beltet er 38 meter breidt. Av omsyn til nødvendig drift og moglegheitene til framtidig utvikling av transmisjonsnettet ber Statnett om at den



planlagde utvidinga av Folkedal naturreservat ikkje vert lagt nærare enn 80 meter frå senter av Statsnett sin 420 kV transmisjonsnettleidning Sima-Samnanger.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi legg inn standard unntak i verneforskrifta for drift og vedlikehald av eksisterande kraftlinje og nødvendig motorferdsle i samband med dette. I tillegg oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning. Vi vurderer det som ikkje nødvendig å etablere ryddebeltet under den eksisterande 420 kV-leidningen, då den ligg svært høgt over tretoppene i ei svært bratt fjordli. Vi klarar heller ikkje å sjå at det vil vere mogleg med motorisert ferdslе gjennom reservatet.

Språkrådet rår i frå at vi brukar Folkedal og Haukanes som reservatnamn, då dette ikkje vil vere dekkande for heile det nye verneområdet. Dei føreslår derfor at det bør få namnet Granvinsfjorden naturreservat eller Indre Granvinsfjorden naturreservat.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek til etterretning innspela frå Språkrådet og føreslår at verneområdet får namnet Granvinsfjorden naturreservat.

Landbruksdirektoratet har ein generell uttale der Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane.

Voss naturvernlag er positive til utviding av Folkedal naturreservat. Dei ønskjer også å setje fokus på dei styva trea i området, og at det er viktig at det blir styva i tida framover. Dei ønskjer vidare ein tiltaksplan for styving.

Kommentar frå Statsforvaltaren :

Det er fint at Voss naturvernlag støttar vern av området og understreka at desse fjordliene er viktige å ta vare på. Vi skulle også ønskja ein tiltaksplan for styving med særleg vekt på dette området, men må vere ærlege og sei at slik budsjettsituasjonen er så vil eit slikt tiltak neppe kunna prioriterast høgt nok dessverre. Det viktigaste grepet for naturmangfaldet i området vil vere å ta vare på areala og la dei få utvikla seg naturleg.

Statens vegvesen skriv i deira innspel at dei har ingen merknader til vernearbeidet.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Når innspel til denne høyringa er vurdert, vil Statsforvaltaren ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet. **Frist for å kome med innspel er 21. oktober 2024.**

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing, verneforskrift og bilete frå områda finn du på nettstaden vår <http://www.statsforvaltaren.no/vestland> under sida «Høyringar». Her kan du også sende inn innspel til denne høyringa. Du kan også sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no. Vi har



også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Forslag til Vernekart
- 2 Forslag til verneforskrift

Kopi til:

Miljødirektoratet



Mottakerliste:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Fiskeridirektoratet
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Landbruksdirektoratet
Vest politidistrikt
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Vestland fylkeskommune
Luftfartstilsynet
Forsvarsbygg
Avinor
Kystverket
NTNU
Høgskulen på Vestlandet
Norsk institutt for bioøkonomi
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag
Det norske skogselskap
Den Norske Turistforening
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening
Fortidsminneforeningen
Friluftslivets Fellesorganisasjon
Friluftsrådernes Landsforbund
Havforskningsinstituttet
Norsk institutt for naturforskning
KS - Kommunesektorens organisasjon
Natur og ungdom
NHO Reiseliv
Norges Bondelag
Norges Dykkeforbund
Sør-Norges Fiskarlag
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Geologiske Undersøkelse
Norges Handikapforbund
Norges Kystfiskarlag
Norges Miljøvernforbund
Norges Naturvernforbund
Norges Orienteringsforbund
Norges Skogeierforbund
Norsk Biologforening
Norsk Bergindustri
Norsk Bonde- og Småbrukarlag



Norsk Botanisk Forening
Norsk Industri
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS
Norsk Ornitologisk Forening
Norsk Sau og Geit
Norskog
Norsk Zoologisk Forening
Sabima
Statens Kartverk
Statkraft SF
Statnett SF
Universitetet i Bergen
WWF Verdens naturfond
Naturhistorisk museum
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet
Vegdirektoratet
Stadnamntenesta på Vestlandet
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD HORDALAND
BIRDLIFE NORGE AVD. HORDALAND
INDRE HORDALAND KRAFTNETT AS
VOSS HERAD
INDRE HORDALAND KRAFTNETT AS